

Staben

Det Kongelige Kunnskapsdepartement  
Postboks 8119 Dep

0032 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.  
2009001315-3 2009015700  
Eva Songe Paulsen

Arkivkode:  
B00

Dato:  
09.12.2009

## **HØYRING - FORSLAG TIL ENDRING I OPPLÆRINGSLOV OG PRIVATSKULELOV - LEKSEHJELP, SKYSS OG POLITIATTEST**

Ein visar til brev frå Kunnskapsdepartementet datert 02.11.2009 om forslag til endringar i opplæringslova om plikt for skuleeigar til å tilby elevar leksehjelp i 1. – 4. klasse.

Suldal kommune er einige i at skulen har ei viktig rolle i å utjamne sosiale skilnader mellom elevane, og at det er viktig med tidleg innsats for best mogeleg læring. Forslaget om leksehjelp er meint å vere eit målretta tiltak nettopp i forhold til dette.

Suldal kommune er ein geografisk stor kommune med få innbyggjarar. Dette medfører at mange elevar har skyss, og det er utfordrande for kommunen / fylkeskommunen å få til eit mest mogeleg rasjonelt skyssopplegg med tanke på elevar og økonomi.

Kommunen stillar seg svært undrande til at utfordringane i forhold til skyss ikkje er tatt høgde for i lovforslaget. Det vil vere heilt urealistisk for kommunen økonomisk sett å få til eit tilbod om ekstraskyss etter leksehjelpa. I praksis vil det då bli slik at foreldra sjølv må komme og hente elevane etter leksehjelpa. Med dei avstandane ein har mellom skule og heim i vår kommune, vil dette ikkje vere eit tilbod som alle barna får eit reelt høve til å nytte seg av. Få barn i SFO i grendene våre underbyggjer denne problemstillinga. Kommunen tykkjer det er synd at problema omkring skyss øydelegg dei gode intensjonane i forslaget. Desse problemstillingane vil me tru også gjeld for mange andre kommunar i landet med lågt innbyggjartal, lange avstandar og omfattande skyssordningar.

Suldal kommune vil difor melde tilbake at:

1. Ein er einige i intensjonane med forslaget om leksehjelp.
2. Problemstillingane omkring skyss må avklarast viss det skal vere eit reelt og likeverdig tilbod til alle barn.

Med helsing

Siri Fahlvik Pettersen  
rådmann

Roar Obrestad  
leiar i Levekårsutvalet

Postadr.  
Eidsvegen 7, 4230 SAND  
Besøksadresse

Sentralbord  
52 79 22 00  
Direkte tlf.  
52 79 22 71

Telefaks  
52 79 22 25  
E-post  
postmottak@suldal.kommune.no

Bankgiro

Org. nr.

